

Takk for høvet til å delta i høyringa om ei viktig sak.  
Mitt høyringssynspunkt er avgrensa til følgjande punkt:

## **5. De innledende ordene under punkt 4 Skriftlesninger («Gud har skapt oss [...] stå ved hverandres side livet ut»)?**

### **Ein kommentar til starten av ledd 4 Skriftlesing**

Forslaget til ordning for vigsel og ordning for forbøn lyder slik:

«Når to menneske har valt å leva saman i ekteskap, stadfestar Gud denne sameininga med si velsigning»  
Når liturgien brukar formuleringar som slår ting så fast som uttrykket «Gud stadfestar», så er ei kyrkje forplikta på at dette har ein direkte basis i Den heilage skrifta.

Den direkte basisen for det er utvilsomt til stades når det gjeld ekteskap mellom ein mann og ei kvinne. For eit utvida ekteskapsordning som også inkluderer likekjønna, er dette skriftgrunnlaget ikkje sjølvinnlysande, men har sitt grunnlag i ei teologisk heilskapsvurdering i ei gitt tid og kontekst.

Formuleringa i forslaget er etter mitt syn for lite ydmykt i måten ein omtalar Guds stadfesting. Det er forskjell på å **be** om Guds velsigning og **lysa** Guds velsigning (som ei kyrkje fritt skal gjera for alle), og å **stadfesta** Guds velsigning. Det siste krev utvetydig skriftgrunnlag.

Det er mogleg at mange vil argumentera for formuleringa i kraft av at ho uttrykkjer eit ekteskapsyn som kyrkja har gitt fullt rom for. Men eg skulle ønskja at formuleringa ikkje «fanga» Gud i ord på denne måten.

Aller mest tenkjer eg dette i forhold til Ordning for forbøn.

Det kan tenkjast at prestar ikkje sjølv vil føreta vigsel, men anten prinsipielt tenkjer at staten, ikkje kyrkja, skal førestå vigsel. Eller dei vil forhalda seg i respekt og imøtekomande til eit likekjønna par som står for Gud og samfunnet med sitt løfte om truskap, og nå søkjer forbøn i kyrkja. I slike tilfelle vil formuleringa i starten av ledd 4 truleg vera eit uoverstigeleg hinder for dei som ikkje kan føreta vigsel, men ønskjer å ta godt imot par som søkjer forbønn og Guds velsigning.

Liturgiske ord og forbøner bør i større grad enn forslaget inneber, heller **be** om Guds velsigning enn å slå Guds velsigning fast. Kva menneske søkjer og bed om og kva Gud stadfestar med si velsigning, er ikkje nødvendigvis ei og same sak. Kyrkja har rolla i lære og liturgi å målbera både mennesket si bønn og Guds vilje, men skal vera varsom med orda som bind Gud i eit ja til det som mennesket søkjer, særleg når dette er kontroversielt og diskutabelt.

Eit kyrkjepolitisk tilleggspoeng: Det er ikkje sikkert at kyrkja sin vigselsrett lever lenge – eller bør gjera det. Då kan det vera klokt at Ordning for forbøn er rigga slik at flest mogleg prestar kan ta den i bruk, i respekt for det valget likekjønna allereie har gjort og med ord som har stor respekt for det ei kyrkje kan seia på Guds vegne.

Med vennleg helsing

Stein Ødegård  
Sokneprest i Bryne